



Møteprotokoll

Utval:	Rådet for personar med nedsett funksjonsevne
Møtestad:	Haram kommune - Ingebrigt Davik huset - Bernt Hildre Veggen 2, 6270 Brattvåg (sjå program)
Dato:	06.05.2026
Tid:	kl 10:00 – 15.15

Faste medlemer som møtte:

Hanne Notøy
Dorte Klock Indrebø
Audun Gautvik
Sølvi Dimmen

Funksjon

Leiar
Medlem
Medlem
KS medlem

Representerer

AP
KRF
FFO-MR

Forfall

Åse Harstad

Representerer

FFO-MR

Varamedlem

Inger Lise Råket
(møtte ikkje, meldte
ikkje forfall)
(ingen vara møtte)
Inger Minnie
Skogsbakken
Rafteseth
Henrik Stensønes

Representerer

FFO-MR

SAFO-NV

SP

Frå sekretariatet:

Anna Lianes
rådgivar

Frå administrasjonen møtte på heile eller delar av møtet:	
Kai Bedringsås	Rådgivar

Møtet blei sett med 6 medlemmer

Innkallinga vart godkjent utan merknadar

Saklista vart godkjent utan merknadar

- Det vart gjennomført fellesmøte mellom 10.00 og 14.00. Møtet vart opna av ordførar i Haram, Vebjørn Krogsæter.
- Kvart enkelt råd presenterte seg, og fortalte litt om sine mest aktuelle saker.
- Anna Lianes (rådgivar) orienterte om rådsarbeid og gav tips om tankar rundt utnemning av nye råd til neste valperiode
- Det var befarung på Dagaktiviseringa på ID-Huset
- Det vart gjennomført ein arbeidsverkstad kor ein samla inn informasjon til kartlegging av universell utforming, som fylkeskommunen har søkt midlar til. Universell utforming AS gjennomfører kartlegginga, og rådgivar Anna Lianes gjennomførte arbeidsverkstaden på vegne av UU AS.

Saksliste

Saksnr	Sakstittel	Ikkje offentleg
SPU-	Spørsmål	
PS-15/26	Den kulturelle spaserstokken (DKSS) - oppfølginga av vedtak i fylkestinget	
PS-16/26	Uttale - meirverdiavgiftskompensasjon for organisasjonseigde kulturbygg	
PS-17/26	Allmennkultur og idrett - ei analyse av ordninga for 2025	
PS-18/26	Fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030 - etter høyring	
PS-19/26	Fylkesstrategi for kultur - meining, meistring og motstandskraft	
RS-05/26	Korsekata Ålesund, parkering for forflytningshemmede	
RS-06/26	Protokollar - kommunale råd for personar med nedsett funksjonsevne	
RS-07/26	Årsmelding 2025 - Råd for likestilling av personar med funksjonsnedsetting	
RS-08/26	Årsmelding fra Pasient- og brukarombudet	
GP-	Godkjenning av protokoll	

Møtet vart heva kl. 15:15

SPU Spørsmål

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne 06.05.2026

Behandling

13 PLUSS, foreslått av Hanne Notøy, Arbeiderpartiet

Sidan eit vedtak i Ålesund kommune om å avslutte ordninga 13 PLUSS, har det vore ei konflikt mellom Ålesund kommune og fylkeskommunen om kven som har ansvaret. 13 PLUSS ordninga er eit tilbod for elevar i vidaregåande skule med funksjonsnedsetting som treng: tilsyn før og etter skuletid, transport (skyss) og oppfølging i ventetid. Dette har vore ei ordning der Ålesund kommune har organisert og betalt både for tilsyn og transport. Striden står om kven som har ansvaret, er det fylkeskommunen eller kommunen. I ei sak i redaksjon 24, 22. april blir det vist til at det ei fastlåst konflikt mellom kommunen og fylkeskommunen. Her blir det blant anna vist til følgjande sitat frå leiar i Helse- og omsorgsutvalet Runar Paulsen H: «Jeg er oppgitt over fylkeskommunens uvilje» og at dette er eit fylkeskommunalt ansvar.

Arbeiderpartiet er uroa over at foreldre og brukarar blir ein kasteball mellom kommunen og fylkeskommunen. Vi har difor følgjande spørsmål:

1. Kva meiner fylkeskommunen? Er det fylkeskommunen eller kommunen som har ansvaret?
2. Kva har fylkeskommunen gjort i dialogen med Ålesund kommune og brukarane?
3. Har der vore forslag til løysing slik at brukarane ikkje blir ståande utan tilbod frå hausten 26
4. Kva blir konsekvensen dersom ingenting blir gjort, hverken frå kommunen eller fylkeskommunen?

Rådgivar Anna Lianes leste opp svar frå administrasjonen, på spørsmål frå Hanne Notøy (AP).

PS 15/26 Den kulturelle spaserstokken (DKSS) - oppfølginga av vedtak i fylkestinget

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne 06.05.2026

Tilråding:

Uttale frå Rådet for personar med nedsett funksjonevne i sak 15/26:

Den kulturelle spaserstokk (DKSS)- oppfølging av vedtak i fylkestinget

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne(PNF) ber fylkespolitikarane omsette ord til handling og gjeninnføre Den kulturelle spaserstokk så raskt som råd.

Rådet PNF viser til at saka har vore oppe til votering gjentatte gongar og sjølv om det frå talarstolar har virka til å ha betydeleg fleirtal, har ikkje fleirtalet klart å samla seg om å gjeninnføre DKSS.

Rådet PNF ber Kultur- og folkehelseutvalet samle seg om eit positivt vedtak, der ein finn midlar til administrasjonskostnader for inneverande år i revidert, for å kunne vere klare for oppstart 1.januar 2027.

Rådet PNF ber Kultur- og folkehelseutvalet, om i vedtak, forplikte seg om ei auke frå 2 millioner til 3 millioner til DKSS i 2027.

Rådet PNF vil understreke viktigheita for kommunane å kunne søke tilskot til profesjonell kunst- og kulturformidling tilpassa eldre av høg kvalitet og set sin lit til at Kultur- og folkehelseutvalet ser det same.

Behandling

Uttale frå Rådet PNF i sak 15/26 Den kulturelle spaserstokken, foreslått av Hanne Notøy, Arbeiderpartiet

Uttale frå Rådet for personar med nedsett funksjonevne i sak 15/26:

Den kulturelle spaserstokk (DKSS)- oppfølging av vedtak i fylkestinget

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne(PNF) ber fylkespolitikarane omsette ord til handling og gjeninnføre Den kulturelle spaserstokk så raskt som råd.

Rådet PNF viser til at saka har vore oppe til votering gjentatte gongar og sjølv om det frå talarstolar har virka til å ha betydeleg fleirtal, har ikkje fleirtalet klart å samla seg om å gjeninnføre DKSS.

Rådet PNF ber Kultur- og folkehelseutvalet samle seg om eit positivt vedtak, der ein finn midlar til administrasjonskostnader for inneverande år i revidert, for å kunne vere klare for oppstart 1.januar 2027.

Rådet PNF ber Kultur- og folkehelseutvalet, om i vedtak, forplikte seg om ei auke frå 2 millioner til 3 millioner til DKSS i 2027.

Rådet PNF vil understreke viktigheita for kommunane å kunne søke tilskot til profesjonell kunst- og kulturformidling tilpassa eldre av høg kvalitet og set sin lit til at Kultur- og folkehelseutvalet ser det same.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 1 stemme (17%) - KRF 1

Stemmer:

Dorte Klock Indrebø (KRF)

NF - Uttale frå Rådet PNF i sak 15/26 Den kulturelle spaserstokken: 5 stemmer (83%) - AP 1, FFO-MR 1, SAFO-NV 1, SP 2

Hanne Notøy (AP), Andre parti: AP, FFO-MR, KS, SAFO-NV, SP

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Fylkestinget i Møre og Romsdal tek saka til orientering.
2. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren jobbe vidare med ei ny kultursatsing med eldre som målgruppe, med mål om oppstart i 2027.
3. Fylkestinget ber fylkeskommunedirektøren orientere kultur- og folkehelseutvalet om status i arbeidet, seinast i novembermøte 2026.

PS 16/26 Uttale - meirverdiavgiftskompensasjon for organisasjonseigde kulturbygg

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne 06.05.2026

Tilråding:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune viser til Stortinget sitt vedtak 571 (2025–2026), der regjeringa blir bedt om å vurdere ei eiga meirverdiavgiftskompensasjonsordning for frivillige organisasjonar som eig og driv kulturbygg. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner dette er ei viktig og aktuell problemstilling, og støttar at spørsmålet blir vurdert vidare på nasjonalt nivå.
2. Idretten har i dag ei eiga ordning for meirverdiavgiftskompensasjon ved bygging og rehabilitering av idrettsanlegg, i tillegg til den generelle ordninga for drift og aktivitet. Frivillige organisasjonar som eig og driv kulturbygg har ikkje tilgang til ei tilsvarende investeringsretta ordning. Dette gir ulike rammevilkår for frivillige kultur- og idrettsaktørar, og gjer det krevjande å gjennomføre nødvendige investeringar, oppgraderingar og modernisering av organisasjonseigde kulturbygg.
3. Likeverdige rammevilkår er avgjerande for å sikre ein berekraftig og inkluderande frivillig sektor. Når både idrettslag og kulturorganisasjonar byggjer anlegg for fellesskapet, må rammevilkåra i større grad spegle dette. Utan dette blir meirverdiavgifta i praksis ein barriere for deltaking, inkludering og lokal aktivitet, særleg i mindre lokalsamfunn.
4. Møre og Romsdal fylkeskommune ber Kultur- og likestillingsdepartementet om å vurdere korleis meirverdiavgiftskompensasjonsordningane kan innrettast slik at organisasjonseigde kulturbygg får betre og meir likeverdige rammevilkår med idrettsanlegg. Anten gjennom ei utviding av eksisterande ordning for idrettsanlegg eller gjennom ei eiga ordning for kulturbygg, i samsvar med Stortinget sitt vedtak.

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 6 stemmer (100%) - AP 1, FFO-MR 1, KRF 1, SAFO-NV 1, SP 2

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Møre og Romsdal fylkeskommune viser til Stortinget sitt vedtak 571 (2025–2026), der regjeringa blir bedt om å vurdere ei eiga meirverdiavgiftskompensasjonsordning for

frivillige organisasjonar som eig og driv kulturbygg. Møre og Romsdal fylkeskommune meiner dette er ei viktig og aktuell problemstilling, og støttar at spørsmålet blir vurdert vidare på nasjonalt nivå.

2. Idretten har i dag ei eiga ordning for meirverdiavgiftskompensasjon ved bygging og rehabilitering av idrettsanlegg, i tillegg til den generelle ordninga for drift og aktivitet. Frivillige organisasjonar som eig og driv kulturbygg har ikkje tilgang til ei tilsvarande investeringsretta ordning. Dette gir ulike rammevilkår for frivillige kultur- og idrettsaktørar, og gjer det krevjande å gjennomføre nødvendige investeringar, oppgraderingar og modernisering av organisasjonseigde kulturbygg.
3. Likeverdige rammevilkår er avgjerande for å sikre ein berekraftig og inkluderande frivillig sektor. Når både idrettslag og kulturorganisasjonar byggjer anlegg for fellesskapet, må rammevilkåra i større grad spegle dette. Utan dette blir meirverdiavgifta i praksis ein barriere for deltaking, inkludering og lokal aktivitet, særleg i mindre lokalsamfunn.
4. Møre og Romsdal fylkeskommune ber Kultur- og likestillingsdepartementet om å vurdere korleis meirverdiavgiftskompensasjonsordningane kan innrettast slik at organisasjonseigde kulturbygg får betre og meir likeverdige rammevilkår med idrettsanlegg. Anten gjennom ei utviding av eksisterande ordning for idrettsanlegg eller gjennom ei eiga ordning for kulturbygg, i samsvar med Stortinget sitt vedtak.

PS 17/26 Allmennkultur og idrett - ei analyse av ordninga for 2025

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne 06.05.2026

Tilråding:

1. Kultur- og folkehelseutvalet tek saka til orientering.
2. Kultur- og folkehelseutvalet ber fylkeskommunedirektøren vurdere endringar i søknadskjema og rapportering slik det går fram i saka, for å få eit betre grunnlag for styring, evaluering og prioritering.

Kultur- og folkehelseutvalet ber fylkeskommunedirektøren om å endre denne teksten i Retningslinjer for prosjektstøtte til allmennkultur og idrett sine generelle krav som må oppfyllest.

Fra denne teksten:

For å fremme tilgjengelegheit og inkludering oppfordrar vi alle søkarar til å bruke prinsippa om universell utforming. Da kan prosjekt vere tilgjengelege for alle deltakarar uavhengig av fysiske eller kognitive forutsetningar.

Til denne teksten:

For å fremme tilgjengelighet og inkludering, stilles det krav om at alle søkere integrerer prinsippene for universell utforming i sine prosjekter.

Løsningene skal utformes slik at de er tilgjengelige for alle, uavhengig av fysiske eller kognitive forutsetninger

Behandling

strengere krav til universell utforming for å fremme CRPD, foreslått av Audun Gautvik, FFO Møre og Romsdal

Kultur- og folkehelseutvalet ber fylkeskommunedirektøren om å endre denne teksten i Retningslinjer for prosjektstøtte til allmennkultur og idrett sine generelle krav som må oppfyllest.

Fra denne teksten:

For å fremme tilgjengelegheit og inkludering oppfordrar vi alle søkarar til å bruke prinsippa om universell utforming. Da kan prosjekt vere tilgjengelege for alle deltakarar uavhengig av fysiske eller kognitive forutsetningar.

Til denne teksten:

For å fremme tilgjengelighet og inkludering, stilles det krav om at alle søkere integrerer prinsippene for universell utforming i sine prosjekter.

Løsningene skal utformes slik at de er tilgjengelige for alle, uavhengig av fysiske eller kognitive forutsetninger

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **TF - strengere krav til universell utforming for å fremme CRPD**
Audun Gautvik (FFO-MR)

For: 6 stemmer (100%) - AP 1, FFO-MR 1, KRF 1, SAFO-NV 1, SP 2

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 6 stemmer (100%) - AP 1, FFO-MR 1, KRF 1, SAFO-NV 1, SP 2

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Kultur- og folkehelseutvalet tek saka til orientering.
2. Kultur- og folkehelseutvalet ber fylkeskommunedirektøren vurdere endringar i søknadskjema og rapportering slik det går fram i saka, for å få eit betre grunnlag for styring, evaluering og prioritering.

PS 18/26 Fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030 - etter høyring

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne 06.05.2026

Tilråding:

Fylkestinget vedtar fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030 som vedlagt.

Rådet savner at man bruker CRPD fra menneskerettsloven vedlegg 12 i kunnskapsgrunnlaget i avsnitt 7. Kollektiv- og mobilitetstilbodet.

7. Kollektiv- og mobilitetstilbodet

Universell utforming og sosiale omsyn

Universell utforming er eit lovfesta prinsipp for utforming av bygde omgivelser, slik at flest mogleg skal oppleve god mobilitet og tilgjenge, jamfør likestillings- og diskrimineringslova.

Rådet ber fylkestinget om å jobbe inn CRPD inn i kunnskapsgrunnlaget som skal brukast med fylkesstrategi for samferdsel.

Behandling

CRPD i kunnskapsgrunnlaget, foreslått av Audun Gautvik, FFO Møre og Romsdal

Rådet savner at man bruker CRPD fra menneskerettsloven vedlegg 12 i kunnskapsgrunnlaget i avsnitt 7. Kollektiv- og mobilitetstilbodet.

7. Kollektiv- og mobilitetstilbudet

Universell utforming og sosiale omsyn

Universell utforming er eit lovfesta prinsipp for utforming av bygde omgivnader, slik at flest mogleg skal oppleve god mobilitet og tilgjenge, jamfør likestillings- og diskrimineringslova.

Rådet ber fylkestinget om å jobbe inn CRPD inn i kunnskapsgrunnlaget som skal brukes med fylkesstrategi for samferdsel.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 6 stemmer (100%) - AP 1, FFO-MR 1, KRF 1, SAFO-NV 1, SP 2

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **TF - CRPD i kunnskapsgrunnlaget**

Audun Gautvik (FFO-MR)

For: 6 stemmer (100%) - AP 1, FFO-MR 1, KRF 1, SAFO-NV 1, SP 2

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

Fylkestinget vedtar fylkesstrategi for samferdsel 2027-2030 som vedlagt.

PS 19/26 Fylkesstrategi for kultur - meining, meistring og motstandskraft

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne 06.05.2026

Tilråding:

1. Fylkestinget vedtar Fylkesstrategi for kultur – meining, meistring og motstandskraft
2. Fylkesstrategi for kultur – meining, meistring og motstandskraft gjeld fram til 2030
3. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å redigere dokumentet grafisk etter handsaminga i fylkestinget.

Behandling**Votering nr 1 -** Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 6 stemmer (100%) - AP 1, FFO-MR 1, KRF 1, SAFO-NV 1, SP 2

Mot: 0 stemmer (0%)

Fylkeskommunedirektøren si innstilling:

1. Fylkestinget vedtar Fylkesstrategi for kultur – meining, meistring og motstandskraft
2. Fylkesstrategi for kultur – meining, meistring og motstandskraft gjeld fram til 2030
3. Fylkeskommunedirektøren får fullmakt til å redigere dokumentet grafisk etter handsaminga i fylkestinget.

RS 05/26 Korsegata Ålesund, parkering for forflytningshemmede**Rådet for personar med nedsett funksjonsevne 06.05.2026****Behandling**

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne tok saka til orientering

RS 06/26 Protokollar - kommunale råd for personar med nedsett funksjonsevne

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne 06.05.2026

Behandling

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne tok saka til orientering

RS 07/26 Årsmelding 2025 - Råd for likestilling av personar med funksjonsnedsetting

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne 06.05.2026

Behandling

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne tok saka til orientering

RS 08/26 Årsmelding fra Pasient- og brukerombudet

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne 06.05.2026

Behandling

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne tok saka til orientering

GP Godkjenning av protokoll

Rådet for personar med nedsett funksjonsevne 06.05.2026

Vedtak

Utvalet gikk gjennom protokollen som vart samrøystes godkjend i møtet.

Behandling